

Skulereglar for Kolbeinsvik Montessoriskule

(Vedteke av styret i Kolbeinsvik Montessoriskule 28.oktober 2024 med heimel i Privatskoleloven §5a-7)

1. Innleiing

Montessoriskular legg vekt på sosial læring, ansvar og fellesskap som sentrale prinsipp gjennom heile grunnskoleløpet. Målet med vårt pedagogiske arbeid er å utvikla elevar som er sjølvstendige, tek ansvar for eigne handlingar og miljøet rundt seg, og som er i stand til å balansera fridom med ansvar.

Elevene sine rettigheter står sentralt i skulen sitt arbeid, og det er skulen sitt ansvar å sikra at barnet sitt beste alltid vert prioritert i beslutningar som påverkar elevane. I tråd med Grunnloven § 104 og Barnekonvensjonen artikkel 3 skal alle tiltak og reglar fremma barnas fysiske, sosiale og emosjonelle utvikling. Vidare har elevene rett til å bli høyrte (Barnekonvensjonen artikkel 12) og rett til utdanning (artikkel 28). Skulen sitt regelverk er utforma for å ivareta desse rettighetene og sikra at alle elevar opplever tryggleik, respekt og høve for læring i eit inkluderande fellesskap.

Føresette si rolle er viktig i arbeidet med eit godt skolemiljø, og det er forventat at føresette aktivt bidreg til å fremje god orden og oppførsel. Dette inneber å støtta skulen sine prinsipp og reglar heime, oppmuntra elevene til å ta ansvar for eigne handlingar, og rettleia dei i å reflektera over korleis deirar val påverkar både eigne og andre sin trivsel og læring. Eit godt samarbeid mellom skule og heim er avgjerande for å skapa eit trygt og inkluderande miljø der elevane trivast og utviklar seg.

Montessoriskulene legg særleg vekt på rettleiing og refleksjon, og forsøker å unngå sanksjonar og straff. Me trur at elevar lærar best når dei kjenner seg trygge, forstått og inkludert. Feil blir sett på som eit høve til å læra, og gjennom regelmessige samtalar og rettleiing blir elevane oppfordra til å reflektera over sine handlingar og korleis dei påverkar andre. Skulereglane våre skal støtta dette arbeidet ved å definera klare rammer for kva som er god orden og ønska atferd.

Dette reglementet er vedteke av skulen sitt styre, i samsvar med privatskolelovens § 5-2 d) og §5A-7. Montessoriskulens pedagogiske prinsipp ligg til grunn for reglar og tiltak.

2. Formål

Førmålet med skulereglane er å sikra at alle på skulen – både elevar, lærarar/tilsette og føresette – har ei felles forståing av rettar og pliktar i skulekvardagen, samt kva tiltak som kan setjast inn ved eventuelle brot på reglane.

Reglane skal bidra til å utvikla elevane sine sosiale ferdigheiter og til å byggja positive relasjonar mellom elevane, og mellom elevar og tilsette. Reglane skal bidra til å sikra eit trygt og inkluderande skulemiljø som fremjar læring, tryggleik og respekt. Målet er å støtta elevene si utvikling som sjølvstendige og ansvarlege individ som tek ansvar for eigne handlingar og viser omsyn til andre.

3. Verkeområde

Skulereglane gjeld for alle elevar, tilsette og føresette som er ein del av skulen. Reglane gjeld i skuletida og i SFO-tid, på skulevegen og under alle skulen sine arrangement, også skuleturar. Reglane gjeld også for oppførsel på skulen sine digitale plattformer, inkludert bruk av digitale system og evt sosiale medier i skuletida.

Skulereglane skal gjennomgåast av elevar og tilsette kvart år ved skulestart.



4. Organisering av skuledemokratiet

Privatskolelovens § 5A-4. og § 5A-5 skildrar reglar for skuledemokratiet.

Elever og føresette har rett til å få informasjon om og ta del i skulemiljøarbeidet. Skulen skal syta for at elevane og føresette får vera med på å planlegga, gjennomføra og vurdera skulen si verksemd, blant anna arbeidet med skulemiljø, kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetting av skulereglar.

Skulen skal ha eit elevråd og eit foreldreråd (FAU). Representantar frå elevrådet, FAU og dei tilsette har møte- og uttalerett på styremøter i Kolbeinsvik Montessoriskule.

5. Elevane sine rettar og plikter

Alle elevar har rett til eit helsefremjande, inkluderande, trygt og godt skulemiljø. Alle som arbeidar ved skulen skal følgja med på skulemiljøet og har ei aktivitetsplikt for å sikra skulemiljøet til den enkelte elev.

5.1 Rettigheiter

- Eleven har rett til å føla seg trygge og inkluderte på skulen, og at andre viser respekt og omsorg for deg og dine eigendelar.
- Eleven har rett til å bli høyd og delta aktivt i utforminga av regler og arbeid med skulemiljø.
- Eleven har rett til fridom i sitt læringsarbeid, så lenge denne fridommen ikke går på bekostning av andre sin rett til læring.

5.2 Pliktar

- Eleven skal visa respekt og omsorg for medelever og alle skolen sine tilsette.
- Eleven skal bidra til å skapa eit inkluderande og trygt læringsmiljø.
- Eleven har ansvar for å ta vare på skulen sitt fysiske miljø og ressurser, samt å vise respekt for andres eiendeler.
- Eleven skal følge skolens retningslinjer for bruk av digitale verktøy og plattformer, inkludert sosiale medier, og bidra til et trygt digitalt miljø.

6. Orden og oppførsel

Elevane på Kolbeinsvik Montessoriskule skal ha god orden og medverka til å skapa eit godt arbeidsmiljø gjennom god oppførsel/åtferd.

6.1 Orden

- Eleven skal møta punktleg og vera førebudd til undervisning og aktiviteter.
- Eleven skal ha med seg naudsynt utstyr, og følgja opp og fullføra arbeid til avtalt tid.
- Eleven skal bidra til å halda orden i det fysiske miljøet på skulen

6.2 Oppførsel

- Eleven skal vise respekt og omsorg for sine medelever, både i handlingar og kommunikasjon, inkludert på digitale plattformer og sosiale medier.
 - Eleven skal visa respekt for undervisninga og halda arbeidsro i arbeidsøktene.
- Eleven skal bidra til eit samarbeidande og positivt læringsmiljø.
- Eleven skal løysa konflikhtar gjennom dialog og forståing. Mobbing, vald eller trakassering vert ikkje tolerert.
 - Eleven skal visa respekt og omsorg for skulen sitt fysiske miljø.
 - Eleven skal visa respekt for skulen sine tilsette, og følgja beskjedar og reglar som gjeld.
- Eleven skal overhalda regelen om mobilfri skule, og mobilen skal vera på «ikke forstyr» i sekken når eleven er på skulen. (Evt i mobilskap i klasserom dersom dette er tilgjengeleg).

Det er ikkje tillete å:

- utsetja andre for krenkande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, rasisme, utestenging, vald eller truslar om vald.
- Ta med eller bruka tobakk, snus, vape, alkohol eller andre rusmiddel.



- Ta med eller bruka gjenstander som kan skada personar, bygningar eller inventar.
- Forlata skulen/gå utanfor skulen sitt område utan å ha lov.

7. Reglar for bruk av digitale einingar

Digitale einingar (mobiltelefon, datamaskin, nettbrett, smartklokker etc) skal kun brukast etter avtale med ansvarleg vaksen. Dette gjeld i alle aktivitetar i skulen sin regi, uavhengig av stad.

Smartklokker/mobilklokker skal ikkje nyttast i skuletida. Føresette må setja klokkene i skulemodus den tida eleven er på skulen.

Mobiltelefonar skal ikkje nyttast, med mindre ansvarleg pedagog tillet pedagogisk bruk av mobil i undervisningssamanheng.

Skuleleiinga styrer tilgangen på elevane sine digitale einingar i klasserommet/i ipad. Ved behov kan skuleleiinga leggja inn sperring på nettsider, laga lister for godkjende nettsider.

8. Tiltak ved brot på skulereglane

Montessoriskulen legg vekt på rettleiing og refleksjon ved brot på reglane. Skulen vil alltid først søkja å bruka dialog som hovudverktøy for å rettleia eleven og støtta eleven si sosiale og emosjonelle utvikling.

Skulen følgjer ei trinnvis tilnærming ved behov for tiltak, med følgjande rekkefølge:

8.1 Rettleiing og åtvaring

- Ei munnleg samtale eller advarsel vil bli gitt ved mindre brot på reglane, der eleven får rettleiing om kvifor handlinga var uheldig, og korleis den kan betrast.
- Skolen kan flytte eleven til ei anna gruppe, endra gruppesamansetnaden, eller tildela alternative oppgåver. Tiltaka vil tilpassast situasjonen og ha som mål å forebygga gjentekne brot på reglane og fremja eit betre læringsmiljø for alle.

8.2 Skriftlig advarsel

- Ved gjentekne eller meir alvorlege brot vil det bli gjeven ei skriftleg åtvaring, og føresette vil bli involvert.
- Føresette vert oppfordra til, i samsvar med skulen sin pedagogikk, å ha ei samtale med eleven heime. I denne samtala bør dei saman reflektera over det som har hendt, identifisera konkrete tiltak for passande konsekvens, og utarbeida ein plan for vidare oppfølging. Det er ynskeleg at tiltaka blir delt med skulen, slik at heim og skule kan samarbeida for å støtta eleven sin sosiale og emosjonelle utvikling. Skulen eller instansar skulen samarbeidar med kan gje råd for ei slik samtale.

8.3 Inndraging av gjenstandar

- Misbruk av mobiltelefon eller medbrakte gjenstandar vil føra til at desse blir inndregen for resten av skuledagen.
- Ved gjenteke misbruk av mobiltelefon kan skulen bestemme at eleven ikkje får lov til å ta med telefonen til skulen i ein bestemt periode.
- Ulovlege gjenstandar, som rusmidler eller våpen, vil bli overlevert til politiet.

8.4 Tiltak ved alvorlige brudd

Ved alvorlege hendingar, som mobbing, vald eller trakassering, vil skulen iverksetja umiddelbare tiltak i henhold til handlingsplanen for eit trygt skolemiljø.

8.5 Fysiske inngrep for å avverga skade

I henhold til § 3-10 b i privatskoleloven kan ansatte gripa inn fysisk for å avverge at ein elev skadar seg sjølv, andre, eller eigedom. Fysiske inngrep skal kun nyttast som ein siste utveg når andre tiltak ikkje er tilstrekkelege. Inngrepa må alltid vera forsvarlege, stå i høve til situasjonen, og vera naudsynte for å hindra ytterlegare skade.



9. Sanksjonar ved brot på skulereglane

Sanksjonar skal brukast som siste utveg, og målet er alltid å fremja sosial læring, dialog og refleksjon. Alvorlege eller gjentekne brot på skulereglane kan føra til følgjande sanksjonar:

9.1 Bortvising

Ved alvorlege brot på skulereglementet kan bortvising vurderast i henhold til privatskolelovens § 3-10. Ein elev skal ikkje visast bort dersom mindre inngripande tiltak er tilstrekkelege. Føresette skal få beskjed ved bortvisning av elev.

Elever på 1. til 7. trinn kan visast bort for enkelttimer eller resten av dagen. Dagleg leiar/rektor gjer vedtak om bortvising, men kan delegera til lærer(e) å kunne visa bort ein elev for inntil to timer.

Vedtak om bortvising er enkeltvedtak etter forvaltningsloven, og departementet er klageinstans.

9.2 Skulebyte

Ved gjentekne alvorlege brot, eller dersom andre tiltak ikkje er tilstrekkelege, kan skulebyte vurderast. Før skulebyte vurderast, skal eleven og føresette få høve til å koma med innspel, og alternative tiltak skal vera prøvd ut.

I saker om skulebyte er det, i henhold til privatskolelovens § 2-4, heimkommunen som fattar vedtak. Departementet er klageinstans for enkeltvedtak etter § 13-2 om skulebyte.

9.3 Anmeldelse

Ved svært alvorlege/straffbare hendingar kan saka meldast til politiet.

10. Vurdering i orden og åtferd

I montessoriskuler gjev ein ikkje vurdering med karakter i orden og oppførsel. Skriftlege vurderingar av eleven sin orden og åtferd blir gjort i samband med kvar utviklingssamtale, to ganger i året. Vurderinga skal gjerast over ei lengre periode og ikke baserast på enkelthendingar, med mindre hendingane er særskild alvorlege. Vurderinga skal baserast på eleven si punktlighet, ansvar for læring, samarbeid og respekt for andre. Vurderinga av orden og oppførsel skal fremja sosial læring og bidra til eit godt skulemiljø, i tråd med forskrifta til privatskoleloven.

11. Sakshandsamingsreglar ved bruk av sanksjonar

Alle sanksjonar ved brot på skulereglane skal følgja ei forsvarleg sakshandsaming i henhold til privatskoleloven og forvaltningsloven. Eleven har alltid rett til å forklara seg, og føresette blir informert før alvorlege sanksjonar iverksetjast. Ved alvorlege sanksjonar som bortvising eller skulebyte, skal det fattast enkeltvedtak. Vedtaket skal innehalda ei grunngjeving og informasjon om klagerett.

12. Skadeverk

Ved hærverk eller skadeverk på skulen sin eigedom, skal føresette raskt få melding om det. Det skal krevjast erstatning for skadeverk. Større skadeverk/hærverk skal meldast til politiet. Det er skuleleiinga som har mynde til å melda til politiet.

13. Ikraftsetting

Skulereglane trer i kraft 1.november 2024.

Desse skulereglane erstatar det tidlegare ordensreglementet; Ordensreglement for Kolbeinsvik Montessoriskule (rev.2019).

